



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 27.03.2019

Sak nr.: 19/774-3

Internt l.nr.: 20015/19

Sak: 5/19

Tittel: Stimuleringstilskot for fag- og yrkesopplæringa 2019

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere stimuleringstilskotet i fag- og yrkesopplæringa i 2019 til lærlingar, lære kandidatatar og praksisbrevkandidatar med ungdomsrett i Sogn og Fjordane, kr 4.995.000,-, til følgjande tiltak:
 - a. Formidling av lære kandidatatar og lærlingar med låge karakterar/stort fråvære, stillingsressurs.
 - b. Inntil kr 30.000,- i tilskot til bedrifter som tek inn lære kandidatatar under 18 år (lønsmidlar).
 - c. Inntil kr 50.000,- i ekstratilskot til lærebedrift for kvar søkar til lære plass som er vanskeleg å formidle på grunn av låge karakterar, stort fråvære eller vesentlege tilretteleggingsbehov (utprøving i bedrifta, inntil 3 mnd).
 - d. Oppfølgingsiltak for lærlingar og lære kandidatatar der det undervegs i læretida vert avdekka behov for ekstra tilrettelegging.
 - e. Yrkesfagleg nettverk.
 - f. Nettverk for jenter i mannsdominerte lærefag og for gutar i kvinnedominerte lærefag.
 - g. Tilskot til ekstraopplæring for lærlingar med feil fordjuping/omval frå andre utdanningsprogram.
 - h. Kvalifisering av søkjarar med manglande karaktergrunnlag i fellesfag og/eller programfag.
 - i. Kurs for prøvenemnder.
 - j. Vg3 i skule som alternativ til lære plass i eige fylke, eller kjøp av vg3 plassar i andre fylke.
 - k. Tilskot til nye lærebedrifter på kr 30.000,- til bedrifter som teiknar lærekontrakt/opplæringskontrakt for fyrste gong. Midlane skal tildelast etter følgjande kriterium:
 - o Bedrifta må vere ny som lærebedrift (ikkje ha hatt lærlingar siste 7 åra).
 - o Bedrifta må teikne lærekontrakt/opplæringskontrakt med ein søkjar med ungdomsrett.
 - o Bedrifta må forplikte seg til å sende instruktør/fagleg leiar på instruktørkurs.
 - l. Styrking av instruktør opplæringa for nye lærebedrifter, tilskot på kr 5.000,-.
 - m. Støtte til fylkesmeisterskapet (skulemeisterskapen) for yrkesfag.
 - n. Støtte til deltaking i Skule-NM for yrkesfag (utgifter utover 1 deltakar per skule).
 - o. Støtte til deltaking i fylkesmeisterskap for lærlingar.